



KVINNHERAD
K O M M U N E

Ordfører

HELSE BERGEN HF
Postboks 1400

5021 BERGEN

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Hilde Enstad	90680352	2021/9-133		07.12.2021

Mammografiprogrammet

Mammografibussen har vore eit godt tilbod til kvinnene i Kvinnherad kommune. Alle våre kvinner mellom 50 – 69 år har gjennom mammografiprogrammet fått tilbod om brystkreftundersøking annakvart år sidan 1996. Etter programmet skulle mammografibussen vore til Kvinnherad i 2021.

På grunn av koronapandemien har ikkje mammografibusse komme til Kvinnherad i år, dette har ført til at mange av kvinnene i kommunen vår ikkje har delteke i mammografiprogrammet for 2021. Mange av desse kvinnene kjem seg ikkje til undersøkinga fordi det blir ei lang reise, dei må ta fri frå arbeid ein heil arbeidsdag, dette har og ei kostnadsside.

Argumentet frå helseføretaket har vore at det er vanskeleg å overhalde smittevernsreglane i bussen. Det er i denne vurderinga ikkje komme fram om ein har teke omsyn til at det i perioden har vore både reiserestriksjonar og betydeleg meir risiko med å utsette seg for smitte med å nytte kollektivtransport samt at det har vore betydeleg meir smitte i byane enn det vi har opplevd ute i vårt distrikt.

I eit miljøperspektiv er det og meir klimavennlig å få bussen til Kvinnherad.

Eg er kjend med at det blir arbeid for å etablera eit Brystdiagnostisk senter i Helse Fonna. Neste screeningrunde er frå 2022 for kvinner i Sunnhordland og Hardanger. Det er fleire alternative løysingar for etablering av BDS (brystdiagnostisksenter) i Helse Fonna. Eit av fire alternativ er Mammografibuss som i dag for kvinner i Sunnhordland og Hardanger.

Kan Helse Fonna vere med å vidareføre mammografibuss som eit tilbod for kvinnene i Kvinnherad i framtida? Vi vil gjerne bli invitert til eit møte for å drøfte eit godt og framtidsretta tilbod for våre kvinner.

Med helsing

Hilde Enstad
Ordfører

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til: